# Vidaregåande opplæring




Bilde: nordberg.osloskolen.no

## Time kommune sitt innlegg

**Time kommune**
29. oktober kl. 13:57 ·

🚨 Milepæl-varsel! 🚨

🧑‍🏫 Time kommune har eit mål om at 9 av 10 ungdommar skal fullføra vidaregåande opplæring innan 5-6 år etter at dei har gått ut frå ungdomsskulen.

🥳 I 2025 nådde me målet for første gong: 91,3 % av våre ungdommar har fullført. Til samanlikning er snittet i Rogaland på 84,9 %. Dette er me stolte av!

🤝 Bak resultatet står eit heilt lag med tilsette i barnehagar, skular, støtteapparat og samarbeid med vidaregåande skule. Alle har stått på og samarbeidd på tvers av tenester.

🤗 Me takkar for innsatsen!



# Mål

- Ikkje at de skal kunne alt om vgs
- At foreldre/føresette og har fått tilstrekkeleg informasjon om vgs
- Skape eit utg pkt for vidare refleksjon og samtale i heimen om val av vgs
- Vite kor de kan finne informasjon om vidaregåande opplæring

FIREKANTA av Nils-Axle Kanten









Å velje er vanskeleg!

# Kva er vidaregåande opplæring?

- Inngangsport til yrkeslivet og til vidare studium.

- Studieførebuande og yrkesfagleg opplæring:
  - **Studieførebuande** opplæring legg mest vekt på teoretisk kunnskap (gir studiekompetanse)
  - **Yrkesfagleg** opplæring fører fram til eit yrke (gir yrkeskompetanse med eller utan fagbrev eller svennebrev)

# Du kan oppnå studie- eller yrkeskompetanse



# Utdanningsprogrammene

| | | |
|---|---|---|
| Idrettsfag<br>Studieforberedende | Kunst, design og arkitektur<br>Studieforberedende | Medier og kommunikasjon<br>Studieforberedende |
| Musikk, dans og drama<br>Studieforberedende | Studiespesialisering<br>Studieforberedende | Bygg- og anleggsteknikk<br>Yrkesfaglig |
| Elektro og datateknologi<br>Yrkesfaglig | Frisør, blomster, interiør og eksponeringsdesign<br>Yrkesfaglig | Helse- og oppvekstfag<br>Yrkesfaglig |
| Håndverk, design og produktutvikling<br>Yrkesfaglig | Informasjonsteknologi og medieproduksjon<br>Yrkesfaglig | Naturbruk<br>Yrkesfaglig |
| Restaurant- og matfag<br>Yrkesfaglig | Salg, service og reiseliv<br>Yrkesfaglig | Teknologi- og industrifag<br>Yrkesfaglig |

# Generell studiekompetanse

- Generell studiekompetanse er det faglege grunnlaget for å søke opptak til universitet og høgskular.
- Til nokre studium er det spesielle opptakskrav. Ofte blir det stilt krav om spesielle fag eller fagkombinasjonar, vanlegvis realfag.
- Nokre studium har opptaksprøve.
- Du får vitnemål som dokumentasjon på studiekompetanse.




Oppnås ved å fullføre og bestå tre år fra utdanningsprogram for:

- Idrettsfag
- Kunst, design og arkitektur
- Medier og kommunikasjon
- Musikk, dans og drama
- Studiespesialisering
- Naturbruk med studieforberedende Vg3

# Yrkeskompetanse

**Yrkeskompetanse med fag- eller svennebrev**

- Opplæring i lærefaga fører fram til fag- eller svennebrev, etter bestått fag- eller svenneprøve.
- I handverksprega fag heiter det svennebrev og svenneprøve.
- I andre fag heiter det fagbrev og fagprøve.

**Yrkeskompetanse utan fag- eller svennebrev**

- Opplæring i dei faga som ikkje høyrer inn under lærefaga, fører fram til yrkeskompetanse utan fag- eller svennebrev.
- Yrkesutdanninga er lagt opp som tre års opplæring i skole, ofte med innlagte praksisperiodar.

# Yrkeskompetanse




- Yrkeskompetanse ***med*** **fagbrev eller svennebrev** får du i lærefag frå dei 10 yrkesfaglege utdanningsprogramma
- Yrkeskompetanse ***utan*** **fagbrev eller svennebrev** får du i yrkesfag som ikkje høyrer inn under lærefaga

# Påbygging til generell studiekompetanse




Generell studiekompetanse kan ein oppnå ved å fullføre og bestå

Vg3 påbygging til generell studiekompetanse etter at du har

- fullført og bestått Vg1 og Vg2 frå eit yrkesfagleg utdanningsprogram, eller
- oppnådd yrkeskompetanse (med eller uten fag- eller svennebrev)

# Fellesfag og programfag

- I alle utdanningsprogramma har du **fellesfag**, for eksempel norsk, engelsk, matematikk og naturfag.
- I **studieførebuande utdanningsprogram** har du i tillegg
  - programfag som høyrer til programområdet du har valt
  - programfag som du kan velge frå eige programområde eller frå eit anna programområde i studieførebuande utdanningsprogram
- I **yrkesfaglege utdanningsprogram** har du i tillegg
  - felles programfag som hører til programområdet ditt
  - yrkesfagleg fordjuping som du kan bruke til
    - fordjuping i aktuelle lærefag/yrkesfag
    - fellesfag fra Vg3 påbygging til generell studiekompetanse
    - fellesfag i fremmedspråk
    - programfag fra studieforberedende utdanningsprogram

# Framandspråk

| Ungdomsskulen | Vg1 | Vg2 | Vg3 |
|---|---|---|---|
| Ikkje framandspråk | Tysk 1 | Tysk 1 | Tysk 2 (erstatter eit av programfaga) |
| Tre år med framandspråk | Tysk 2<br>Spansk 2<br>Fransk 2<br>Tysk 1<br>Spansk 1 | Tysk 2<br>Spansk 2<br>Fransk 2<br>Tysk 1<br>Spansk 1 | Ikkje obligatorisk med framandspråk. |

- Du kan og velje eit heilt nytt språk på vidaregåande; då må du ta nivå 1 og ha dette språket over 2 år (gjeld bare Bryne vgs + Tryggheim vgs), ikkje andre skular med studiespesialisering/idrett).
- Morsmålseksamen kan erstatte framandspråk

# Gratis læremiddel og utstyr

**Alle elevar på Vg1, Vg2 og Vg3 får:**

- Gratis trykte og digitale læremiddel, og digitalt utstyr.
- **Utstyrsstipend fra Lånekassen. – HUGS Å SØKE!**

  Kor mykje ein får varierer mellom utdanningsprogramma.

  Når du søker om utstyrsstipend, sjekker Lånekassen automatisk om du også kan ha rett til andre stipend.

- Les mer på www.lanekassen.no
- https://lanekassen.no/nb-NO/stipend-og-lan/

# PC-ordning på vidaregåande

- Dersom skulen krevjer at du brukar PC både heime og på skulen, skal skulen gi deg ein bærbar PC.
- Skulen kan krevje at du betalar ein eigenandel kvart år.
- Eigenandelen kan ikkje vere høgare enn lågaste sats for utstyrsstipend.
- Når du er ferdig på vidaregåande, får du behalde PC-en.
- Dersom du ikkje fullfører opplæringa, skal du få tilbod om å kjøpe pc-en.
- I nokre fylke kan du få tilbod om å bruke eigen pc og/eller å kjøpe pc etter spesiell avtale. Du vil få nærmare informasjon før skulestart.

# Kva rettar har eleven?

**Eleven har rett til**

- vidaregåande opplæring fram til han/ho har oppnådd studie- eller yrkeskompetanse.
- inntak til eitt av dei tre utdanningsprogramma på Vg1 han/ho har søkt på – ein må søke i prioritert rekkefølge.
- inntak til eit Vg2 som bygger på det Vg1 du har tatt – du har ikke krav på å få det programområdet du prioriterer høgast.

# Rett til omval

- Dersom opplæringsløpet du har valt ikkje passar for deg, har du rett til å gjere omval. Omval betyr at du vel eit anna utdanningsprogram eller programområde enn det du har begynt på.
- Du har rett til å gjere så mange omval som du ønsker fram til søknadsfristen for inntak det året du fyller 19 år.
- Dersom du ikkje har brukt retten til omval før du er 19 år, har du rett til **eitt** omval senere
- Du kan gjere omval til eit lågare trinn
- Du kan gjere omval på same trinn

# Rettleiing(veiledning) og rådgiving

**Du har rett til:**

- utdannings- og yrkesrådgiving
- sosialpedagogisk rådgiving
- rettleiing og hjelp frå pedagogisk-psykologisk tjeneste (PPT)
- rettleiing og hjelp frå oppfølgingstjenesten (OT) viss du
  - ikkje søker opplæringsplass
  - ikkje tar imot opplæringsplass
  - avbryter opplæringa før ho er fullført
  - ikkje er i fast arbeid

# Kva plikter har eleven?

**Eleven må:**

- svare på tilbod om plass og/eller ventelisteplass – elles risikerer han/ho å miste tilbodet
- møte første skuledag, eller melde frå viss du ikkje kan møte – elles risikerer du å miste plassen

# Kva plikter har eleven?

- Levere dokumentasjon for fråver som ikkje skal førast på vitnemålet eller kompetansebeviset.
- Møte til undervisninga. Ugyldig eller udokumentert fråver kan føre til at det ikkje er grunnlag for karakter i enkeltfag.
- Delta aktivt i opplæring og vurderingssituasjonar slik at læraren får grunnlag for å vurdere kompetansen din.
- Delta aktivt i vurderinga av ditt eige arbeid, din eigen kompetanse og utvikling.
- Følge ordensreglementet på skulen.

# Reglar om fråver

- Eleven skal levere **eigenerklæring** for sjukdomsfråver som er innføre fråversgrensa på ti prosent.
- Når du har nådd grensa på ti prosent fråver i eit fag, må du dokumentere sjukefråveret med **attest fra helsepersonell**.
- Elevar som har fråver I meir enn ti prosent av årstimetalet i eit fag, vil som hovudregel ikkje få standpunktkarakter i faget.

**Dersom fråveret skuldast ein av årsakene nedanfor, og du leverer dokumentasjon på dette, skal fråveret ikkje reknast med i fråversgrensa:**

- velferdsgrunnar (f.eks. dødsfall, gravferd eller konfirmasjon)
- andre religiøse høgtidsdagar enn dei offentlege heilagdagane (avgrensa til to dagar)
- lovpålagt oppmøte (f.eks. rettssak eller sesjon)
- arbeid som tillitsvald, politisk arbeid eller hjelpearbeid
- fråver som skuldast obligatorisk trafikkopplæring til førarkort klasse B
- representasjon på arrangement på nasjonalt og internasjonalt nivå

# Samarbeid med foreldre

Vidaregåande skular skal halde kontakt med foreldra til umyndige elevar gjennom heile opplæringsåret.

**Det skal skje ved**

- informasjonsmøte ved starten av skuleåret (Vg1 og Vg2)
- samtale med kontaktlæraren (Vg1 og Vg2)
- informasjon om rettar eleven har
- varsel om eleven sitt fråver
- anna informasjon om eleven

*Når eleven har fylt 18 år, skal foreldra ikkje lenger få informasjon utan eleven sitt samtykke.*

# Kor kan du gå på skule?

- Primært skular i eige fylke
  - men ingen fylke tilbyr alle programområda
- Skular i nabofylke
  - for spesielle tilbod som fylka samarbeider om
- Skular med landslinjer og landsdekkande tilbod
  - kan søkast uansett kor du bur i landet
  - karaktarene dine avgjer om du kjem inn
- Skular i andre enn ditt eige fylke
  - hvis fylket der du bur kjøper plass til deg

Oversikt over tilbodet til dei ulike skulane finn du på vilbli.no

# Andre typar skuler du kan søke:

- Privatskular
  - du må rekne med å betale skulepengar
  - privatskular (private skular med rett til statstilskot) er godkjende av Utdanningsdirektoratet
- Skular i utlandet
  - norske privatskular i utlandet
  - utanlandske skular
- Statlege skular
  - samiske vidaregåande skular

# Korleis søker du?

- Du søker og svarer på vigo.no
- Logg inn med MinID eller BankID
- Søknadsfrist:
  - 1. mars (ordinær frist)
  - 1. februar ved søknad om fortrinnsrett eller individuell behandling
- Sjekk at mobilnummer, e-postadresse og adresse er riktig på vigo.no
- Du får påminning via SMS når du skal **svare på tilbod** om plass/ventelisteplass på vigo.no

**MinID**: Bestill aktiveringsbrev på eid.difi.no
**BankID**: Ta kontakt med banken din.

# Døme

| 1. TIF | 2. Bygg- og anleggsteknikk | 3. Salg, service og reiseliv |
|---|---|---|
| Gand vgs | Bryne vgs | Gand vgs |
| Bryne vgs | Gand vgs | Bryne vgs |
| Godalen vgs | Jåttå vgs | Godalen vgs |

# Nyttige tips og råd

- Du finner all informasjon om søknad, svar og fristar på vilbli.no
- Du søker og svarer på vigo.no
- Hugs søknadsfristane
- Sett alltid opp tre alternative Vg1
  - i tre forskjellige utdanningsprogram
- Dersom du angrar på vala dine
  - kontakt rådgjevar eller inntakskontoret

# Nyttige tips og råd

- Gjer deg kjent med tidsplanen for inntaket
- Hald svarfristane. Viss du ikkje er heime
  - svar på førehånd på vigo.no
  - sørg for at andre svarer for deg
- Du kan miste plassen viss du
  - ikkje svarer til rett tid
  - ikkje møter første skuledag
- Husk klagefristen 3 veker etter at du fikk inntaksmeldingen
- Legg ved opplysningar som kan ha noko å seie for inntaket eller opplæringa - ingen kan ta omsyn til noko dei ikkje veit om

# Meir informasjon

- Alt om vidaregåande opplæring finn du på vilbli.no
- Spør rådgjevaren på skulen din
- Kontakt inntakskontoret
- Gå på yrkes- og utdanningsmesser
- Besøk vidaregåande skular:
  https://rogaland.skoleogarbeidsliv.no/Default.aspx?ID=11
- Snakk med folk i ulike yrke

Lykke til med valet!